

Brunaurefiske i Eksingedalen



Ekso villfisk (www.eksovillfisk.no) tilbyr tilrettelagt sportsfiske etter brunaure i Eksingedalsvassdraget.

Innhald:

Fiske i Kultiveringssona, Flatekvål - Lavik (7 km elv).

Tilbod om overnatting i fjellstove eller feriehus

Tilgang på båt/pram.

PRISAR:

- * Døgnkort: kr 100,-
- * Tredagarskort: kr 200,-
- * Årskort: kr 500,-
- * Overnatting frå kr 250,-

SALSSTADER- FISKEKORT:

- * Dalstova
- * Eksingedalen Nærbutikk, (56595820)
- * Haugen gard
- * Kari Brørvik, Øksendalen.

Siå skilt!

OVERNATTING:

- * Dalstova (56595837)
- * Haugen gard (56595833)
- * Godmorstova
- * Nesheim Gard (56595271)

Sjå www.eksovillfisk.no

Elva er brei og stilleflytande med strykparti, og passar godt for flugefiske. Fiske med turfluge, bruk av små nymfer og fiske oppstraums, er gode metodar, alt etter tidspunkt, vèrtilhøve, vasstand og temperatur. Mark og sluk passar også.

Brunauren er litt over 200 gram i snitt, men ”400 gramsfisk” er ikkje uvanleg. Ein kan også få kilofisk på kroken. Det vert drive fiskefremjande arbeid i Kultiveringssona for å auke attraktiviteten for å fiske. Målet er snittfisk opp mot halvkiloen innan få år. Den beste tida for sportsfiske er frå 15. juni til 15. sept.

Vi kan tilby elvefiske i flott natur, og vonleg ei spanande oppleving.

Ekso Villfisk: tlf 56595836, post@eksovillfisk.no, www.eksovillfisk.no

Nærare om dalen, fisken og fisket!

Eksingedalen ligg nord i Vaksdal kommune i Hordaland fylke. Daleføret er omlag tre mil langt, og har mange grendesamfunn. Landskapet skiftar frå dalbotn, med flott vassdragsnatur, til høge fjell ikring. Landbruket står sterkt, og nye bygdebaserte næringar er under utvikling.

Ekso villfisk held på å utvikle fisketurisme etter brunaure i Kultiveringssona. Sona ligg på Flatekvål og Lavik; omlag 100 kilometer frå Bergen, og er 7 kilometer lang. Føremålet er å skape eit attraktivt og tilrettelagt sportsfiske i reiselivssamanheng, med næringseffekt for landbruket og bygdesamfunnet.

Målet er å tilby eit innlandsfiske som skil seg ut. I dette høve er ”stor” fisk viktig. Det vert difor drive tiltak for å auke storleiken monaleg innan få år. Arbeidet omhandlar innfanging, foring og utsetting av stadeigen fisk, i tillegg til tynningsfiske.

Elva i Kultiveringssona er brei og roleg, med strykparti. Strekinga passar godt for flugefiske, og ein kan bruke ulike metodar. Fiske frå båt er vanleg, og fiskarane kan få nytte ein pram som er god å fiske frå.

Deler av elvebreidda er skogkledd, men det er rydda for fiske fleire stader. Elva er relativt langgrunn, og gjev stadvis høve for vading. Elvebotnen har ein del grasvegetasjon. I midtløpet har elva ei ”djuprenne”, med sand og grus som botnsubstrat.

I samband med fisket i Kultiveringssona, kan Ekso Villfisk tilby ulike overnattingstilbod. Dalastova på Flatekvål ligg like ved elva, og har sju rom. På Haugen Gard kan fiskarane bu i restaurert kårhus eller i stølshus på Haugenstølen. Godmorstova på Vetlejord og Olabu på Nesheim, er andre, aktuelle overnatningsstader.

Ekso Villfisk vonar at fisket i Kultiveringssona høyrest interessant ut, og inviterer til fiske. Det er også høve til å prøve fiskelukka andre stader i elva, og i spanande fjellvatn. Elles kan Eksingedalen by på opplevingar som fjellklatring, guida fjellsturar, gardsferie, hesteriding og småviltjakt. Sjå nærare informasjon på www.eksingedalen.no



Flatekvål og deler av fiskesona.



Eit mogeleg resultat i dag.



”Båtfiske” passar bra.



Dalastova

VELKOMEN TIL DAL!

Bilete: Sveinung Klyve. Morten Clemetsen